




Det Kongelege Finansdepartement
Postboks 8008 Dep
0030 Oslo

**UTGREIING OM BETALING FOR BRUK AV AREAL I KYSTSONA - INNSPEL**

Syner til brev av 15.11.07 om utgreiing om betaling for bruk av areal i kystsona der departementet ber om innspel innan 20.12.07

Som departementet omtalar har bruken og merksemda rundt areal i kystsona auka monaleg dei siste åra. Kystsona er ein viktig næringsarena samtidig som det også er ein viktig arena for rekreasjon og friluftsliv. Ikkje minst det siste kjem til uttrykk gjennom auka krav frå sentrale styresmakter gjennom strengare plankrav for kyst – og strandsoner.

Spørsmålet om kommunane skal få høve til å krevja betaling for bruk av areal i kystsona til næringsføremål er derfor viktig. Etter vår meining må slik betaling ikkje samanliknast med eigedomsskatt. Når det gjeld vasskraft operer ein med naturressurskatt. Tilsvarende problemstilling er reist når det gjeld vindmøller. Det er liten tvil om at areal knytt til sjøbasert næring, legg beslag på viktig naturressursar relatert til miljø, rekreasjon og friluftsliv og det er derfor ikkje unaturleg at det kan innførast ein form for naturressursavgift. Slik avgift må i sin heilskap gå til kommunen og ikkje til staten. Det vil truleg gjera innføring av slik naturressursavgift meir positiv for dei som driv næringa også.

Departementet har utfordra kommunar og andre på følgjande område:

1. Korleis nyttar verksemda eller representerte interessentar kystsona i dag, og korleis trur ein bruken vil utvikla seg vidare ?

Bømlo kommune har ei lang strandline. Bruken av strandsona har endra seg frå tidlegare gjennom tradisjonelt fiske med tilhøyrande naust som base til i dag der folk vil byggje rorbuer til fritidsbruk og utleieføremål.

Talet på fiskarar syner nedgong og oppdrett av laks og aure har vakse fram som viktig næring. Presset på strandsona er stort. Dei fleste innspela som kom inn under siste revisjon av kommuneplanen var knytt til aktivitetar i og rundt strandsona.

Oppdrettsnæringa har stor trong for areal til nye lokalitetar. Me opplever kryssande interesser mellom oppdrettsnæring, kystfiskarar og friluftaktivitetar.

2. Er bruken knytt til eigedomsrett, konsesjon osv ?

Rorbuer og industriområde er knytt til eigedomsrett

Oppdrett er knytt til konsesjon

3. Legg bruken beslag på andre sin tilgang til eller bruk av areal i kystsona. Eventuelt korleis og i kor stor grad ?

Så lenge det var tradisjonell naustbygging i strandsona kunne ein relativt fritt gå langs strandområda. Ved auka bygging av rorbuer i mange strandområde – naustområde, vert det større grad av privat område. Det vert med andre ord reduksjon av ålmenta sin tilgong. Oppdrettsnæringa legg beslag på til dels store områder. Krav til trygg forankring av anlegga er større grunna fare for røming av laks osv. Fortøyingane til anlegga legg derfor band på store områder i tillegg til sjølv sjøanlegga. Dette reduserer trålarane sine områder og småfiskarane sine fiskeplassar.

4. Har bruken verknader på miljøtilstanden lokalt / regionalt / nasjonalt og har den verknader på andre kvalitetar ved kystsona ?

Dei første åra låg oppdrettsanlegga for laks og aure lenger inne i fjordane og då var det synlege forureiningar. No er mange av anlegga flytta lenger ut frå land til betre respientar og forureining frå oppdrettsanlegg er ikkje lenger same problema.

I og med at krava til sikring er auka fører det til større dimensjonar både i fortøying og andre sikringsaktivitetar. Det gjer at større areal vert bandlagt og mindre tilgjenge for andre aktivitetar.

5. Vert verksemda sjølv eller andre representerte interessenter påverka av korleis andre gjer nytte av kystsona.

Har ikkje tilstrekkeleg kunnskap om dette til å gje svar.

6. Vert det opplevd interessekonfliktar om bruk av kystsona, og er mangel på kystareal et problem for vidare utvikling av verksemda eller representerte interesser ?

Det er ingen tvil om at verksemda sjølv ynskjer større areal og fleire stader til reservelokalitetar. Slik sett er det auka konkurranse om bruk av kystareala.

7 . Har kommunen kystsoneplan eller er det sett i gong arbeid for å utarbeide slik plan ?

Bømlo kommune har lenge hatt kystsoneplan som ein integrert del av kommuneplanen sin arealdel.

8 . Korleis er kompetansegrunnlaget knytt til planlegging i kystsona ?

Kunnskapsgrunnlaget er godt. Kommunen samarbeider med alle faginstansar slik som Fylkesmannen, Sjøfartsmuseet i Bergen, Kystverket, Fiskeridirektoratet og Karmsund Hamnevesen.

9. Opplever kommunen at det er interessekonfliktar om bruk av kystsona og er mangel på kystareal eit problem for vidare utvikling av næringsverksemda i kommunen ?

I arbeidet med rullering av kommuneplanen var storparten av innspela nye tiltak i strandsona. Oppdrettsnæringa ynskjer fleire lokalitetar og kystfiskarane har same interesser. Andre deler av kommunen sitt næringsliv har også ynskje om større industriareal knytt til sjø.

10. Kan ei særskilt avgift eller betaling til kommunane for bruk av areal i kystsonar grunnjevast ? I så fall vil ei slik avgift eller betaling kunne føre til betre tilrettelegging av areal og reduksjon av moglege konfliktar om bruk av areala ?

Sjølvsom Bømlo kommune ynskjer å stimulere til ei positiv utvikling av havbruksnæringa, er det fleire og fleire som spør kva kommunen får att for å stille store areal til disposisjon for næringa og kor mykje av verdiane som vert verande att i kommunen. Siste tida ser me også ein trend til at produksjonen går opp og sysselsettinga i beste fall stagnerer. Det som gjerne var ei distriktsnæring vert meir og meir ei internasjonal næring.

Ut i frå ei slik vurdering, vil ei avgift eller betaling for bruk av bandlagt areal vera både ynskjeleg og forståeleg. Truleg vil også næringsaktørane sjølve vurdere det som forståeleg under føresetnad at slik avgift eller betaling går fullt og heilt til kommunen.

Me trur at innføring av ei arealavgift eller naturressursskatt (konsesjonsavgift) for bandlagt areal (både land og sjø) vil ha ein positiv verknad for næringa sjølv, kommunen og innbyggjarane.

Svarbrevet vart lagt fram for kommunestyret i Bømlo kommune mandag 17.12.07 som informasjon.

Med helsing

Bømlo kommune



Sverre Olav Svarstad

Rådmann